

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
086/20	Formannskapet	24.11.2020
072/20	Kommunestyret	15.12.2020

Saksbehandlar: Ingrid Johannessen
Sak - journalpost: 18/1404 - 2020017868

Andre gangs behandling av Detaljregulering for utviding av Trovåg settefiskanlegg, Vikebygd

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg blir vedtatt slik han ligg føre med plankart og føresegner datert 09.11.2020.

15.12.2020 Kommunestyret

Modolf Haraldseid (H) kjenner seg ugild i saka etter Forvaltningslova §6-b, når han er bror til leiar ved Trovåg settefiskanlegg

Haraldseid gjekk frå plassen sin når spørsmålet om han er ugild i saka vart handsama
Kommunestyret vedtok at Haraldeseid var ugild i saka samrøstes med 23 røyster.

Therese Nesheim (H) kjenner seg ugild i saka etter Forvaltningslova §6 - b, når hennar onkel er leiar ved Trovåg settefiskanlegg

Nesheim gjekk frå plassen sin når spørsmålet om ho er ugild i saka vart handsama.

Kommunestyret vedtok at Nesheim er ugild i saka samrøstes med 23 røyster.

Ingunn Lothe (H) og Lars Matre (H) blei kalla inn i saka som vararepresentantar for Haraldseid og Nesheim.

Tilråding frå FS samrøystes vedtatt

KS-072/20 Vedtak:

Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg blir vedtatt slik han ligg føre med plankart og føresegner datert 09.11.2020.

24.11.2020 Formannskapet

Modolf Haraldseid (H) kjenner seg ugild i saka etter Forvaltningslova §6-b.

Formannskapet vedtok at Haraldeseid var ugild i saka samrøstes med 7 røyster.

Therese Nesheim (H) kjenner seg ugild i saka etter Forvaltningslova §6 - andre ledd.

Formannskapet vedtok at Nesheim er ugild i saka samrøstes med 7 røyster.

Håvard Rørtveit og Kjell Hatteland blei kalla inn i saka som vararepresentantar.

Formannskapet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes med 9 røyster.

FS-086/20 Vedtak:

Tilråding frå formannskapet:

Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg blir vedtatt slik han ligg føre med plankart og føresegner datert 09.11.2020.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Plan- og bygningslova og naturmangfaldlova.

Saka gjeld:

Andre gang behandling av Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg, Vikebygd.

Saksopplysningar/vurdering:

Formål med planen

Hovudformålet med planen er å legge til rette for utviding av eksisterande landbasert oppdrettsanlegg i Trovåg. Forslaget opnar for utviding med åtte nye hallar, fordelt på fire bygg. Planen har også til formål å betre trafikktryggleiken i området. Det skal skje med utbetring av kryss til fv. 4736, etablering av kantstopp for buss på begge sider og fortau langs Trovågvegen fram til busstoppa. Deler av tilkomstvegen til settefiskanlegget vil bli lagt om, for å skape større avstand mellom vegen og eksisterande busetnad i Trovåg. Planen fører til ei endring av eksisterande reguleringsplanar frå 2004 og 2014.

Bremnes Seashore AS driv eksisterande settefiskanlegg i Trovåg. Utviding av anlegget vil legge til rette for at ein kan produsere større fisk på land. Planområdet omfattar eigedomane gnr./bnr. 388/1, 2, 5, 9, 11, 12, 15, 41, 56.

Planstatus

Gjeldande reguleringsplanar i området er

- «Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg», planid 1160-14-02. Denne planen blei vedtatt i 2014 og endra gjennom ei mindre endring i 2017.

- «Reguleringsplan for Trovåg Laks», planid 1160-04-03 som blei vedtatt i 2004. Denne blei delvis erstatta av «Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg» i 2014.

Gjeldande kommuneplan viser LNF-område for deler av området som er inkludert i planforslaget. På grunn av dette og at planområdet vil overstige 15000 m² bruksareal, er det krav til konsekvensutgreiing.

Planprosess

Planprogrammet for konsekvensutgreiinga for Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg blei vedtatt i formannskapet 05.02.201, 008/19. Planforslaget blei første gang behandla i formannskapet 21.04.2020, sak 020/20. Planen har vore på høyring i perioden 14.05 – 30.06.2020. I planprogrammet blei det innarbeidd krav om særskilt medverknad i form av informasjonsmøte med berørte grunneigarar, naboar og andre interesserte.

Tiltakshavar/konsulent hadde planlagt eit informasjonsmøte i samband med høyring av planforslaget og konsekvensutgreiinga, men på grunn av korona-situasjonen før sommaren, blei dette ikkje gjennomført. I september har tiltakshavar arrangert møtepunkt med berørte i form av to opne kontordagar. På denne måten har ein imøtekomme kravet til medverknad. Det blei sett ein utvida merknadsfrist til 10. september for ev. nye merknader/tilleggsmerknader. Konsulenten sine kommentarar til alle innkomne merknader og reviderte plandokument blei innsendt til kommunen 15. oktober 2020.

Kort om planforslaget


Planen er utarbeida av Multiconsult AS på vegne av Bremnes Seashore AS. I konsekvensutgreinga blei tre alternative forslag til løysing vurdert. Alternativ 1 var det alternativet som innsendt planforslaget bygde på og som blei sendt på høyring.

Det er gjort endringar i planforslaget i hovudsak for å imøtekomme innkomne merknader. Konsulenten har kommentert og vurdert innkomne merknader og gjort greie for innspel som kom i samband med medverknadsmøta. Dette er gjengitt i saksutgreinga under.

Hovudgrep i planforslaget kan oppsummerast slik:

- utviding av næringsareala i nordleg retning med opning for fire nye bygningar (LNF-område i gjeldande kommuneplan)
- ei mindre utviding av næringsareala i sørleg retning (i samsvar med gjeldande kommuneplan)
- utfylling i sjø i nord og vest for å etablere tilstrekkeleg næringsareal og kaiar
- tilkomst frå Vikevegen (fv 4736) via Trovågvegen; etablering av nytt kryss til Vikevegen og etablering av busstopp på begge sider av fylkesvegen
- omlegging av tilkomstvegen til settefiskanlegget for å skape større avstand til eksisterande busetnad, m.a. kulturmiljøet rundt Trovåg Mølle
- etablering av fortau langs Trovågvegen og fram til busstopp
- etablering av grøntstruktur mot LNF-areala i sør og aust som buffer mot eksisterande busetnad
- planområdet strekk seg lengre ut i Malasetvatnet for at vassinntaket skal leggjast på større djupne for å etablere jamnare temperatur på vatnet som blir levert til settefiskanlegget

Kartutsnitt som viser planforslaget:



Innkomne merknader

Fylkesmannen i Rogaland

Forslaget til regulering er ikkje i tråd med kommuneplanen, dette er svært uheldig. Fylkesmannen rår kommunen til å avklare langsiktig utvidingsgrense for anlegget på varig basis ved neste revisjon av kommuneplanen.

Strandsone

Planforslaget inneber ei stor nedbygging av strandsona. Urørt strandsone har stor verdi i seg sjølv, bygging her burde absolutt vore avklart i ein kommuneplanprosess.

I «Statlige retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen» er Vindafjord kommune kategorisert i område med mindre press på areala. Det inneber at det vil vere enklare for kommunen å gi løyve til bygging enn på stadar der presset er høgt. Det er m.a. signal om at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal leggast vekt på i vurdering av tiltak i 100m-beltet. Desse omsyna må vegast opp mot allmenta sine interesser, t.d. friluftsliv, natur- og landskapskvalitetar, kulturminneinteresser, naturmangfald og landbruk.

Fylkesmannen har **fagleg råd** om at den nordlegaste av dei planlagde hallane blir flytta bak eksisterande bygg. Dette vil redusere inngrepa i strandsona noko og vere positivt for strandsonevern, landskapspåverknad og jordvernomsyn. Det vil også redusere visuell fjernverknad noko. Eventuelt må ein vurdere om 3 hallar vil vere maksimal utviding, for å verne urørt strandsone noko.

Det er positivt at det skal etablerast ein vegetasjonsskjerm i aust. Ein kan med fordel også sjå på andre grep, som utforming av bygga, material- og fargebruk, for å redusere negativ visuell påverknad dei store fasadane vil ha.

Det er også positivt at deler av anlegget vil vere opent for ferdsel, og at ein m.a. vil kunne bruke den nye kanten mot sjø til fiske, slik det blir gjort ved anlegget i dag. Ein må samstundes legge vekt på å ta vare på enkelte naturelement, og gjerne etablere ein tursti langs sjøsida, for å sikre at området blir allment tilgjengeleg i størst mogleg grad.

Jordvern

Alternativet som er valt, fører til omdisponering av 13,5 daa jordbruksareal. Dette er uheldig av omsyn til nasjonale og regionale jordverninteresser. For å få planen betre i samsvar med viktige mål for landbrukspolitikken, bør det vurderast endra plassering av bygga slik det går fram av fagleg råd ovanfor.

Det er positivt at det er sett tydelege krav i føresegna for bevaring av matjordressursen. Fylkesmannen har **fagleg råd** om at det i føresegna blir gjort tydlegare at matjorda må handterast på ein slik måte at dyrkingsegenskapane blir oppretthaldne. Det bør vurderast om det skal utarbeidast ein eigen plan for handtering og gjenbruk av matressursen.

Løyve etter forureiningslova

Landbaserte akvakulturanlegg krev løyve etter forureiningslova. Ved planlegging av ein eventuell søknad forventar Fylkesmannen at det m.a. blir gjort ei konsekvensutgreiing av verknadene på biologisk mangfald og vassmiljø. Dei rår søkar til å kontakte Fylkesmannen når det gjeld planlegging av eventuell søknad om løyve etter forureiningslova.

Utfylling i sjø

Minner om at tiltak i sjø krev avklaring etter forureiningslova. Det er modellert ålegras i nærleiken, dette bør kartleggast før ein søker.

ROS

Fylkesmannen har **fagleg råd** om at ROS-analysen blir utdjupa når det gjeld bølger og at eventuelle tiltak blir sikra i føresegnene. Det er eit strekk på fleire km over sjø, og det kan vere risiko for skader frå inntrenging av sjøvattn i anlegget.

Fysiske tiltak i vassdrag – eventuelle inngrep i Trovågbekken

Fysiske tiltak i vassdrag er søknadspliktige og fjerning av kantsone krev dispensasjon. Fylkesmannen har **fagleg råd** om at det i føresegnene pkt. 6 blir lagt til følgande: «Fjerning av kantvegetasjon langs vassdrag krev ei avklaring (og ev. ein dispensasjon) etter

vassressurslova §11. Her er Fylkesmannen myndigheit. Fysiske tiltak i vassdrag krev eigen handsaming etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Fylkesmannen er myndigheit på anadrome delar av vassdrag, Rogaland fylkeskommune er myndigheit i ikkje-anadrome delar av vassdrag.»

Multiconsult sine kommentarar:

Kap. 8 i planskildringa svarer ut situasjonen kring manglande arealavklaring i overordna plan.

Landskapsinngrep som den nordlegaste hallen utgjer, og ytterlegare visuell skjerming blir nærare drøfta i punktet «vurdering av omfang og påverknad».

Planforslaget opnar for ferdsel i strandsona, men det blir ikkje lagt til rette med turveg.

Fylkesmannen sitt faglege råd knytt til handtering av matjorda, er tatt med i føresegnene, pkt. 6, strekpunkt 4.

Søknad om tiltak i sjø og vassdrag etter forureiningslova, vil skje på vanleg måte. Tilrådinga om kartlegging av ålegras er inkludert i føresegnene, pkt. 2.2.

Fylkesmannen sitt faglege råd om utdjupeing av ROS-analysen med tanke på bølgepåverknad, er imøtekomme, jf. revidert ROS-analyse vedlagt. Plastring av fylling blir dimensjonert i høve til gjeldande normer. Det blir stilt krav i NS9416 om sikring av landbasert fiskeoppdrett, her under også fylling i sjø.

Fylkesmannen sitt faglege råd knytt til fysiske tiltak i vassdrag er følgt opp med tilføyingar i føresegnene, jf. rekkefølgekrav pkt. 6, strekpunkt 7 og 8.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Bremnes Seashore sitt innspel til kommuneplanen i 2015 nådde ikkje fram, og blei såleis aldri vurdert.

Ei utbygging i samsvar med planforslaget synest å vere kva som maksimal kan tolast i området. Lengre mot nord kan ein ikkje komme, ei utviding sørover og austover kjem for nær eksisterande busetnad. Såleis vurderer kommunedirektøren at langsiktig grense for settefiskanlegget blir trekt opp i dette planarbeidet. Eventuelt måtte ein tatt ut den nordlegaste hallen av planforslaget, i denne omgang. Dette har konsulenten gjort vurderingar av i avsnittet om «vurdering av omfang og påverknad». Å flytte denne hallen aust for eksisterande anlegg, aukar påverknaden på kulturmiljøet rundt Trovåg Mølle, noko kommunedirektøren ikkje finn å vere ei betre løysing.

Kommunedirektøren sluttar seg elles til konsulenten sine kommentarar.

Statens vegvesen (SVV)

SVV viser til dialog og avklaringar rundt utforming av nytt kryss. Deira svar på fråvikssøknad datert 28.08.19 er tatt inn i føresegnene. Det er stilt følgande rekkefølgekrav:

«- Nytt vegkryss inkl. busskantstopp og fortau, som vist i plankart, skal vera etablert før ein kan sette i gang tiltak i BN1 og BN2. Avtale for gjennomføring av ny avkøyrse frå fylkesvegen skal vere inngått med SVV før byggestart av nytt kryss.»

SVV kan ikkje sjå at krav om teknisk plan er komme med i rekkefølgekravet og viser til sin uttale:

«Planføresegnene må stille krav til teknisk plan for utforminga av krysset mot fylkesvegen. Teknisk plan skal utførast i samsvar med vegvesenets handbok «R700 Tegningsgrunnlag». Planen skal innehalde naudsynt teknisk grunnlag, som til dømes C- teikningar og plan for handtering av overvatn, og den skal godkjennast av Statens vegvesen før byggestart. Før byggetiltak ved fylkesveg kan igangsettast, skal også gjennomføringsavtale med SVV vere inngått.»

SVV ber om at kravet om teknisk plan også vert tatt inn i rekkefølgekravet.

Multiconsult sine kommentarar:

Teknisk plan er tatt med i rekkefølgekravet. Sjå elles kommentarar til fylkeskommunen.

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

Rogaland fylkeskommune, forvaltning

SVV sine oppgåver knytt til fylkesvegnettet blei 01.01.2020 overført til Rogaland fylkeskommune. Dette inneber at alle tekniske planar i tilknytning til fv. 4736 skal sendast fylkeskommunen for gjennomsyn. Dette må sikrast i reguleringsføresegnene.

Vegnormalane skal i høve til forskrift i veglova § 13 gjelde for all planlegging og bygging av offentlege vegar. Alle tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal utformast i samsvar med handbok «N100 Veg- og gateutforming».

Det går ikkje fram av planforslaget kva slag dimensjoneringsklasse det er tatt utgangspunkt i ved prosjektering. Med skilta fartsgrense 80km/t og ÅDT lik 600 kan fv. 4736 klassifiserast som ein Hø1-veg. Vegbreidda skal då vere 7,5 m. Fylkeskommunen føresett at veganlegget er utforma i tråd med gjeldande krav og at ev. fråvik er omsøkt og godkjent av vegmyndigheit før endeleg vedtak av planen.

Behovet for å regulere inn areal utover sjølve veganlegget, må vurderast, t.d. areal til mellombels anleggsbelte og til leidningsnett. Fylkeskommunen føresett at det er regulert inn tilstrekkeleg areal til anleggsbelte på plankartet.

Multiconsult sine kommentarar:

Det er stilt rekkefølgekrav om at tekniske planar skal godkjennast av Rogaland fylkeskommune før byggstart. Multiconsult viser elles til «svar på fråvikssøknad» frå Statens vegvesen. Dei føresett at overføring av forvaltning av fylkesvegnettet også gjeld overføring av allereie inngåtte avtalar/søknadsbehandling som er gjort med SVV. Utbetring av eksisterande fylkesveg vil ikkje oppfylle krav i N100 til horisontalkurveradius, koltoide(kurve som endrar seg lineært med lengda) og dimensjonerande køyretøy. Fråvikssøknaden omhandla desse tema. SVV har på synfaring angitt følgande krav som er vist på plankartet: 3 m breidde «annan veggrunn» og 5 m breidde til midlertidig anleggsbelte.

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

Rogaland fylkeskommune, regionalplanavdelinga og seksjon for kulturarv

Fylkesrådmannen påpeikar at det er uheldig at arealbruken ikkje er drøfta og avklart i kommuneplanen. Det er uheldig at planforslaget legg opp til nedbygging av 13,5 daa landbruksjord. Det er også utfordrande at planforslaget samstundes medfører ei total nedbygging av strandsona og medfører store landskapsinngrep. Dei gir **fagleg råd** om at det visuelle omfanget til anlegget blir redusert for å redusere konsekvensar for jordbruk og strandsone.

Då anlegget vil vere synleg frå sjøen har dei **fagleg råd** om at det visuelle omfanget til anlegget blir ytterlegare redusert for at det ikkje skal bli alt for dominerande i landskapet.

Tiltaket medfører omfattande uttak av massar. Dei viser til prinsippa om massehandtering i Regionalplan for massehandtering på Jæren 2018-2040.

Settefiskanlegget vil ha eit stort behov for straum. Fylkeskommunen har føreslått å utarbeide ein strategi for areal- og kraftkrevjande industri i fylket, og noterer seg at ein slik strategi ville vore nyttig også i vurderinga i denne saka.

Kulturminne

Aust for dagens settefiskanlegg ligg Trovåg mølle som er eit viktig kulturhistorisk anlegg, regulert til omsynssone bevaring i kommunedelplanen for kulturminne og kulturmiljø. I området finn ein eit særleg intakt kulturmiljø med spor etter over hundre år med mølledrift. Mølla ligg i nærleiken av Malasetvatnet der ein fekk vasskraft til drifta. Kulturmiljøet rundt mølla består av møllebygningen frå 1940-talet, våningshus frå 1885, løe, smie, reiskapshus, steinkjellar, tufter, steingardar og kanalar for vatn. Mølla og våningshuset har fått støtte til restaurering av Rogaland fylkeskommune og Kulturminnefondet. Fylkesrådmannen vurderer at kulturmiljøet rundt Trovåg Mølle har regional verdi. Ei utviding av settefiskanlegget vil få negative konsekvensar for kulturmiljøet. For å redusere desse konsekvensane tilrår fylkesrådmannen at kommunen stiller krav til den arkitektoniske utforminga til bygningane som skal førast opp. Dersom ein gjer grep med omsyn til høgder, takvinklar, materialbruk og fargebruk, kan ein unngå at bygningane verkar som ein samanhengande grå vegg. Fylkesrådmannen tilrår også at det blir gjort tiltak for å redusere støyen frå anlegget. Vidare skriv fylkesrådmannen at det er positivt at det er planlagt eit vegetasjonsbelte for å skjerme utsynet mot bygningane.

Fylkesrådmannen gjennomførte ei arkeologisk registrering i planområdet i august 2019. Det blei ikkje registrert automatisk freda kulturminne. Når det gjeld tiltak i sjø, har Stavanger maritime museum ingen merknader til planforslaget.

Av dei tre alternativa som er konsekvensutgreia, ser fylkesrådmannen det som positivt at tiltakshavar har gått vidare med alternativ 1. Saman med alternativ 3, er dette det alternativet som er trekt lengst vekk frå dei automatisk freda steinalderlokalitetane sør for planområdet.

Multiconsult sine kommentarar:

Ein e-post (datert 24.04.2015) med innspel til kommuneplanen ved sist revisjon, blei ikkje fanga opp og vurdert av kommunen. Alternativ 1 gir totalt sett det beste alternativet for vidare utbygging i Trovåg.

Konsulenten viser til punktet om «vurdering av omfang og påverknad» når det gjeld omfanget av tiltaket og verknader for landskap, strandsone og busetnad.

Krav til massehandtering er stilt i føresegnene pkt. 2.3.1. Referanse til regionalplan er tatt med det. Elles viser ein til rekkefølgekrav i punkt 6.

Ved søknad om løyve til tiltak innanfor områda skal det leggjast ved ei vurdering som er gjort for å oppnå redusert energibruk, klimagassutslepp og bruk av alternative, fornybare energikjelder, jf. føresegnene pkt. 3.1.1.

Arkitektonisk utforming av bygga er omtalt i punktet «Vurdering av omfang og påverknad».

Støykjelder på anlegget skal i størst mogleg grad byggast inn eller leggjast under bakken, jf. pkt. 2.3.3 i føresegnene.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren kan stadfeste at Bremnes Seashore sitt innspel til kommuneplanen ikkje blei vurdert.

Gjennom formuleringar i føresegnene har ein søkt å ta vare på matjorda i lokalmiljøet for å bøte på inngrepet tiltaket gjer på landbruksareala.

Føresegnene stiller krav om å utarbeide ein samla plan for massehandtering for næringsområda. Mellomlagring og uttak av massar er tillate inntil alle areala er bygde ut. Planen skal ha som utgangspunkt at massar er ein ressurs. Massar som ikkje blir nytta innanfor planområdet, skal transporterast bort til godkjent lagringsplass eller til godkjente tiltak når ein kan dokumentera at massane er reine. Mellomlagring av massar skal sikrast

mot avrenning til Trovågelva.

Kommunedirektøren sluttar seg elles til konsulenten sine kommentarar.

Kystverket

Det er positivt at planforslaget legg opp til flytting av gods/førtransport mv frå veg til sjø. Kystverket sine merknader til oppstartsvarsel er i hovudtrekk følgt opp, og dei har derfor ikkje særlege merknader til planforslaget slik det ligg føre. Dei gjer merksam på at ut frå ny Lov om hamner og farvatn som trådde i kraft 01.01.2020, er det feil henvisning i føresegnene. Kystverket tilrår at dette blir korrigert.

Multiconsult sine kommentarar:

§ 2.2. i føresegnene er endra i samsvar med ny lov.

Kommunedirektøren har ingen kommentarar.

Fiskeridirektoratet

Samtlege alternativ medfører utfylling i sjø, men alternativ 1 medfører størst inngrep i strandsona og alternativ 3 vil komme minst i konflikt med fiskeriinteressene. Store deler av sjøområdet i nærleiken til planområdet er registrert som fiskeplassar, men det er vanskeleg å sjå om eventuell utfylling i sjø eller eventuell kai faktisk vil rekke ut i dei registrerte fiskeplassane.

Utvidinga av eksisterande settefiskanlegg vil føre til utlegging av nye leidningar/rør for inntak og utslepp av sjøvatt. Det er derfor sannsynleg at leidningar/rør blir lagt ut i deler av område der fiskeriinteresser er registrert. Fiskeridirektoratet har følgande merknader:

«

- *Alle arbeider som skal foretas i forbindelse med en eventuell tillatelse må gjennomføres på en så skånsom måte som mulig, slik at omkringliggende miljø, i så liten grad som mulig påvirkes*
- *Ledninger/rør må ikke bli hengende oppe i vannskiktet, men forankres til sjøbunnen med lodd eller andre forankringer som er utformet på en slik måte at fiskeredskaper ikke hefter. Ev. kan man vurdere å spyle/grave ledning/rør ned i sjøbunnen hvis dette ikke får negativ konsekvens for det marine miljøet*
- *Det må ikke innføres forbud mot å fiske*
- *Ingen fiskere kan holdes ansvarlig for eventuelle skader som måtte bli påført ledning/rør under utøvelse av fiske*
- *Valgt trasè for ledning/rør må legges inn på tilgjengelige kart*

»

Multiconsult sine kommentarar:

Søknad om leidningsnett i sjø er søknadspiktig etter plan- og bygningslova og hamne og farvasslova. Vanleg prosedyre er å sende slike søknader for uttale til fiskarlag. Det er og krav om innmåling av tiltaket når ledning er lagt.

Merknadene skapar ikkje behov for endring av reguleringsplanen. Tiltak i sjø er sikra gjennom pkt. 2.2. i føresegnene.

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

Fiskarlaget Vest

Generelle merknader: Fiskarane opplev ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Nye næringar som oppdrett, vindmøller til sjøs, småbåthamner, sjøleidningar m.m. kan skape konflikter. Sjøvern er like viktig for fiskerinæringa som jordvern for jordbruket.

Merknader til Trovåg spesielt: Fiskarlaget viser til at det er registrert fiskeområde for aktive

og passive reiskap i reguleringsplanområdet, i tillegg til eit reketråfelt i nordvest. Det blir også drive fiske i område som ikkje er registrert.

Fiskarlaget har ikkje merknader til reguleringsplanen under føresetnad av at han ikkje blir til hinder for framtidig bruk av fiskeområdet i nærleiken. Det er ein føresetnad at utslepp til sjø blir tilstrekkeleg reinsa slik at det ikkje har negativ påverknad på det marine miljøet. I tillegg må ein unngå tilføring av framande arter.

Fiskarlaget gjer til slutt merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon som er avhengig av reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel.

Multiconsult har ingen kommentarar, heller ikkje kommunedirektøren.

Haugaland interkommunale Miljøverk (HIM)

Dei forventar at tilkomstvegen til Trovåg blir etablert i samsvar med SVV si handbok N100.

Næringsverksemd står fritt til å velje leverandør av renovasjonstenester. Planområdet omfattar ingen abonnentar som er underlagt tvungen renovasjon. HIM har derfor ingen merknader til hushaldsrenovasjon i planområdet.

Privat veg i planområdet er tilkomstveg til hentestadar for tre standardabonnement og åtte hytteabonnement, som ligg utanfor planområdet. HIM vil likevel gjere merksam å at dei er avhengig av signert avtale om bruk av privat veg for å gjennomføre si renovasjonsteneste i området. Pr i dag er det ein felles hentestad for hytter. Det bør settast av areal for avfallshandtering langs Trovågvegen og dimensjonering av dette arealet må ta høgde for Trovåg Mølle sine planar for turistformål.

Multiconsult sine kommentarar:

Vegen blir i hovudsak dimensjonert som type «lokalveg» L2 i N100.

Felles område for renovasjon er sett av i plankartet i samsvar med HIM sin merknad. Viser også til føresegnene, pkt. 3.1.4.

Alfred Trovåg, eigedom 338/1

Det er komme tre merknader frå Alfred Trovåg, som er grunneigar for hovuddelen av arealet som blir føreslått regulert til settefiskanlegg. Merknadene er oppsummert som følger:

Avklaring med grunneigar

Trovåg stiller spørsmål ved at det i planskildringa står at Bremnes Seashore AS har avklart med grunneigar å fremme forslag om reguleringsplan på deler av hans eigedom. Han ber om ei forklaring på kva avklaring det er vist til. Han meiner det har vore vanskeleg å komme i dialog med Bremnes Seashore.

Redusert grunnlag for landbruksdrift

Planforslaget tar betydelege deler av ressursgrunnlaget for drifta til Trovåg, både beite og fulldyrka areal. Alternativ 2 er ei betre løysing. Det bør ev. etablerast erstatningsareal på 338/15 og stillast rekkefølgekrav om dette i føresegnene. Bremnes Seashore må stå for opparbeiding av arealet.

I supplerande merknad sender Trovåg inn foto som viser eit myrområde utanfor planområdet der matjord kan planerast for å tilføre garden erstatningsareal.

Støy

Tiltakshavar bør påleggast å bygge støyvoll/skjerm på det arealet som dei sjølv disponerer. Tidsrom for støyande verksemd bør i anleggsperioden avgrensast til mellom 07 og 18 på kvardagar. I driftsfasen bør det stillast krav om at støyande arbeid berre kan utførast frå kl.

08 til 16 på ordinære arbeidsdagar.

Drikkevatt

Trovåg skriv at han får drikkevatt frå Bremnes Seashore. Kvaliteten på vatnet er dårleg og meiner han ved utvidinga av settefiskanlegget i 2014, blei lova reinsa drikkevatt.

I supplerande merknad viser Trovåg til vassprøvar som har påvist e-kolibakteriar i drikkevattnet. Han ber kommunen vurdere om det skal stillast rekkefølgekrav som forpliktar Bremnes Seashore å opparbeide kommunal vassforsyning til husstandane i Trovåg.

Kanal nord for dagens anlegg

Dimensjoneringa av kanalen som går nord for dagens settefiskanlegg er feil. Ved store nedbørmengder går vassmengda over kanalen sine breidder og dekker delar av Trovåg sin eigedom (landbruksareal).

Multiconsult sine kommentarar:

Bremnes Seashore informerte tidleg grunneigar om planarbeidet. Omfanget av planområdet blei viset i august 2018. Oppstartsmelding blei sendt ut 12.09.2018 og plankonsulent var i dialog med grunneigar heilt i startfasen av planarbeidet og har fått skriftleg tilbakemelding om at ny reguleringsplan var ok og at planarbeidet kunne halde fram. Bremnes Seashore kjenner seg ikkje igjen i påstanden om at det er vanskeleg å komme i dialog med dei.

Alternativ 2 gir mindre inngrep i landbruksareal, men har andre negative konsekvensar, jf. konsekvensutgreiinga.

Berre ein liten del av eigedom 338/15 inngår i planområdet. Føringar for areal utanfor planområdet er ikkje ønskeleg, men matjord i planområdet er sikra vidare bruk gjennom føresegnene, pkt. 6. Ein avtale med Bremnes Seashore om matjord vil vere privatrettsleg. Føresegnene stiller krav om at handtering av matjord skal dokumenterast i byggesøknad.

Konsulenten viser til føresegnene, pkt. 2.6 når det gjeld skjerming i anleggsfase og tidsrom for støyande anleggsverksemd. For ei effektiv gjennomføring av anleggsarbeidet er det viktig å bruke større del av dagen. Det vil bidra til at anleggsperioden blir kortare.

Eit rekkefølgekrav som pliktar Bremnes Seashore å føre kommunal vassleidning fram til Trovåg ser ein på som eit urimeleg krav. Malasetvatnet har vore nytta som drikkevatt i mange år, også før Trovåg Laks (TL) starte si verksemd. Då TL starta opp i 1986, blei det laga avtalar med grunneigarane der m.a. vassforsyning var eit tema. I tinglyst avtale frå 8. juni 2005 står det at TL har ansvar for vassforsyning fram til tilknytingspunkt i kum ved mølle. Frå kum til bustaden har grunneigar sjølv ansvaret. For å avhjelpe situasjonen vil Bremnes Seashore setje i gong ein prosess med å montere filter og UV på inntaket. Det er også i deira si interesse at vasskvaliteten er tilfredsstillande. Settefiskanlegget tar jamlege prøvar av vatnet, og det er funne koliforme bakteriar i periodar. Frå TL byrja verksemda i 1986 og fram til i dag, har ikkje vasskvaliteten blitt forringa.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Bremnes Seashore vil måtte erverve regulert areal for å kunne gjennomføre planen. Grunneigar har gjennom grunnforhandlingar høve til å avtale gjenbruk av matjorda. Dette er privatrettsleg. Kommunedirektøren vil gjere merksam på at nydyrking av areal også krev løyve.

Endringar i vasskvaliteten kan skuldast fleire årsaker enn berre fiskeanlegget si regulering av vatnet. Malasetvatnet er også resipient for reinsa avløpsvatn for minst eit bustadhus. Dessutan ligg det lågt i terrenget med den følge at avrenning frå LNF-områda rundt kan påverke vasskvaliteten i periodar.

Private vassverk som leverer vatn til fleire enn ein husstand, skal registrere seg hjå

Mattilsynet. Kravet om registrering er heimla i drikkevassforskrifta §17. Kommunen skal i samsvar med folkehelseloven kap. 2 ta omsyn til drikkevatn ved utarbeiding av kommuneplan eller reguleringsplan og når det gis løyve etter relevant regelverk. E-coli i drikkevatn kan førekomme, det kan t.d. skuldast nedbør eller beitepress. Gjeldande planforslag ligg nedstraums drikkevasskjelda og vil ikkje bidra til forureining av drikkevatnet direkte. Verksemda si regulering av råvasskjelda kan påverke vasskvaliteten noko, men den aleine har ikkje ansvar for råvasskjelda sin kvalitet. Bremnes Seashore er nok den største forbrukaren av Malasetvatnet som drikkevatn. At utbyggar nå vil ta på seg eit ansvar for reinsing av drikkevatnet, er positivt for dei andre abonnentane.

Kommunedirektøren vil informere om at det er ført fram offentleg vatn til Trovåg byggefelt, i g-/s-vegen som nyleg er bygd. Tilknytning til kommunalt vassforsyningsnett for bebuarane i Trovåg vil vere mindre kostnadskrevjande nå enn det har vore før.

Christine Elisabeth Beenfeldt og Jone Solberg, eigedom 338/2

Dei skriv at dei er imot ei slik storskala utbygging og irreversibel rasering av verdifullt kulturlandskap, LNF-område og strandsone som planforslaget legg opp til. Meiner omsynet til strandsonevern og nasjonale mål om redusert nedbygging av jordbruksareal ikkje er godt nok ivaretatt.

Viser vidare til Victor O. Bøe sin merknad og støtter følgande punkt:

- kulturlandskapet rundt Trovåg Mølle må ivaretas
- bør innføre minimumskrav til vassføring i Trovågelva
- må stille vilkår om fjerning av anlegg og tilbakeføring av landskap etter avslutta drift, med bankgarantiar for kostnader

Multiconsult sine kommentarar:

Drøfting av tiltaket sitt omfang og verkander for landskap og strandsone er nærare drøfta under punkt om «vurdering av omfang og påverknad».

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

Jon Magne Svendsbø, eigedom 336/3

Alternativ 1, som er det mest aktuelle utbyggingsalternativet, vil medføre ei nedbygd strandsone med industribygningar og kaiar i ei lengde på 700 m. Dette vil få stor visuell fjernverknad, særleg mot vest, men også mot nord. Mot vest er det planlagt fleire kaiar, så det er lite ein kan gjere for å skjerme omkringliggende miljø i den retninga bortsett frå utforming, farge og høgde på bygningar.

Det ligg i planane å bygge vegetasjonsskjerm mot sør og aust. Sidan det ikkje er planlagt kai mot nord, burde det også byggast vegetasjonsskjerm/voll på utfyllingsområdet mot nord. Då vil tiltaket bli minst mogleg synleg også frå nord og skjerma for støy og lys.

Den nordlegaste hallen bør utformast slik at tiltaket får minst mogleg visuell fjernverknad nordover Ålfjorden og mot Svendsbø-halvøya, der det ligg fritidsbustadar. Støy og lys mot omgivnadene bør reduserast så langt som mogleg. Lys bør plasserast lågast mogleg og kan med fordel tennast ved rørsle, slik at det ikkje lyser heile mørketida. Den nordlegaste kaien bør ikkje flyttast til nordsida. Ei slik plassering vil gjere utbygginga enda meir dominerande og gjere avbøtande tiltak i form av voll/vegetasjonsskjerm umogleg.

I supplerande merknader skriv Svendsbø:

Det er forventa at trafikken på fylkesvegen frå Isvik til Trovåg vil auke vesentleg, både i anleggsfase og driftsfase. Nyleg er det laga ny gang- og sykkelveg frå Isvik til Søljevegen (Trovågsfeltet) for å sikre mjuke trafikantar langs den smale og svingete vegen. Med ei utviding av anlegget i så stort omfang som vist i planforslaget, bør g-/s-vegen forlengast fram til Trovågvegen som ein del av utbygginga.

Avslutningsvis støttar Svendsbø innspelet frå Kvamme/Omdal/Jensen/Omdal-Jensen om at dei to nordlegaste hallane gjer prosjektet så enormt ruvande i lokalmiljøet og fjorden at desse ikkje bør byggast.

Multiconsult sine kommentarar:

For omtale av visuell fjernverknad, landskapsinngrep og skjerming viser me til punktet «Vurdering av omfang og påverknad».

Det er ikkje aktuelt og heller ikkje planlagt å etablere kai på nordsida av BN2.

Etablering av g-/s-veg langs fylkesvegen ligg utanfor planområdet. Bremnes Seashore er ikkje framande for eit slikt samarbeid med fylkeskommunen/kommunen.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Visuell fjernverknad nordover blir stor. Planlagde bygningar er ruvande. Som konsulenten skriv, vil ein voll bli svært arealkrevjande. Kommunedirektøren har derfor ikkje tatt inn krav om voll/vegetasjonsskjerm mot nord i plankartet. I føresegnene er det derimot stilt krav om naturleg revegetering langs den nordlegaste hallen, for å dempe fjernverknaden. Dette skal etablerast samstundes med etablering av den nordlegaste hallen.

Det er svært positivt at Bremnes Seashore er opne for eit samarbeid om g-/s-veg på resterande strekning mellom Trovågfeltet og Trovågvegen. Kommunen har notert seg dette., men ei oppfølging av dette må skje gjennom andre prosessar.

Jorunn Omdal Kvamme, Sverre Kvamme, Ingunn Beate Omdal-Jensen, Svein Tore Jensen, Ove Hugo Omdal og Berit Hamre Omdal (sameige 337/1 og 2)

Alle alternativa 1, 2 og 3 vil medføre store inngrep i strandsone og lokalmiljø. Det er uheldig for naturmangfald og menneske som bur og ferdast i området.

Alternativ 1 er av utbygger det føretrekte alternativ. Det tar over 700 m av standsona. Det vil medføre støy, plagsamt lys og stor visuell fjernverknad. Dersom alt. 1 blir valt, er det viktig å avgrense desse verknadene. Det bør derfor leggest ein landskapsvoll nord for anlegget. Fritidseigedomane på Svendsbø-halvøya er allereie berørt av skipstrafikk, støy og lys frå anlegget.

Bygningar og kai bør prosjekterast slik at dei glir mest mogleg inn i omgivnadene med tanke på høgder, fargeval og vegetasjonsskjerm.

Dei påpeikar til slutt at dei er negative til eit så stort industrianlegg i fjorden. Dei meiner dei to ytste hallane i alt. 1 gjer prosjektet ruvande og ikkje burde prosjekterast.

I supplerande merknader skriv dei følgande:

- kaiplassering må fastsettast nærare, men må ikkje plasserast mot nord. Vegetasjonsskjerm mot nord bør etablerast for å dempe visuell fjernverknad. Lyssetting bør utformast slik at omgivnader blir skjerma.

- massehandtering, føresegn 2.3: kor lenge er lagring tillate? Bør tillaten høgde på lagringsmasse spesifiserast? Er det tillaten for entreprenør å lagre ekstern masse?

- anleggsgfase, føresegn 2.6: det er bra at støyande verksemd blir stoppa i helger, men ber om at støyande aktivitet blir avslutta kl. 18 i staden for kl. 21 på fredagar, og at fellesferier (påske og sommar) unngås så langt som mogleg.

- sjøtrafikk, planskildring 5.7.4: Det bør vere mogleg å komme med fleire detaljar om forventa trafikk. Bør landstraum til båtar leggest inn som eige punkt i planen? Utanfor Svendsbø-øya registrerer dei at brønnbåtar kan ligge i lengre tid for å vaske/reingjere. Dette medfører plagsam støy både på dagtid og nattetid. Ber om at Bremnes Seashore tar omsyn til dette i prosedyrar for anløp til Trovåg.

- miljøundersøking før og etter utbygging: Dei ber om at det blir stilt krav om miljøundersøking av fjorden og tilhøyrande strandsone før og etter tiltak.

- auka trafikk på fylkesvegen: Dei ber kommunen, fylkeskommunen og Bremnes Seashore sjå på moglegheita for å samarbeide om forlenging av g-/s-vegen frå Trovågfeltet til Trovågvegen

Multiconsult sine kommentarar:

Visuell påverknad, støy og lysskjerming blir drøfta i punktet «vurdering av omfang og påverknad».

Kaiplassering: Etablering av kai nord for BN2 kan ikkje definerast som «mindre avvik» til plasseringa, slik føresegnene opnar for. Plassering av kai mot vest er i stor grad styrt ut frå ønskje om kortast mogleg veg for fisketransport og levering av fôr frå båt.

Massehandtering: Det må vere trykkbelastning på ei utfylling i noko tid, slik at det ikkje vert setningsskadar på teknisk utstyr og bygg. Av den grunn bør det ikkje stillast krav om tidsavgrensing og høgdeavgrensing.

Sjøtrafikk: Det er vanskeleg å unngå at fleire båtar kjem til anlegget samstundes. Ved etablering av fleire kaiar aukar sjansen for at båtar ikkje blir liggande «på vent» i nærområdet. Landstraum krev stor energitilgang. Krav om alternativ fornybar energi ved utbygging er kan ikkje løysast med dagens teknologi. Det er i dag avgrensa med båtar som kan nytte landstraum. Båtane ligg ikkje i opplag ved kaiane.

Miljøundersøking: Det er Fylkesmannen som forvaltar tiltak. Tiltakshavar følger dei krav og vilkår som blir gitt i løyve.

Trafikk på fylkesvegen: viser til kommentarane til Svendsbø ovanfor.

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

Kåre Noralf Knutsen, eigedom 338/3

Er sterkt imot planforslaget på grunn av dei negative konsekvensar for naboeigedomar, LNF-område og friluftsområde.

Knutsen skriv at han har ei oppleving av at merknader ikkje blir tatt tilstrekkeleg til følgje eller kommentert og at verdiar og konsekvensar nedgraderast for å bygge opp under ønskt alternativ. Dette gjeld m.a. kulturminne og kulturmiljø som berre er vurdert å ha lokal betyding. Planprosessen har vore lukka og utan inkludering av naboar, dialog eller openheit. Dette viser igjen i dokumenta der tidlegare innspel ikkje er tatt omsyn til og/eller svart ut. Knutsen sine merknader kan oppsummerast i følgjande punkt:

1. Konsekvensutgreiing/behandling av merknader

Store deler av verdiane som er omtalt er ikkje-prissette verdiar som til dels baserar seg på subjektive vurderingar. Det går klart fram at alt. 1 er det ønska alternativet. Knutsen har ei oppleving av at enkelte konklusjonar ikkje tar opp i seg heilskapleg tankegang om korleis full utbygging vil bandlegge og påverke naboar og nærmiljø. Val av alternativ 1 er basert på å skape mest mogleg massebalanse, altså eit reint økonomisk behov, og ikkje ei vurdering ut frå korleis anlegget best kan plasserast for å skjerme nabobusetnad og ta vare på viktige deler av området.

2. Trovåg Mølle – regional betyding

Meiner at Trovåg Mølle er eit kulturmiljø som har regional betyding, ikkje berre lokal. Med bakgrunn i det, ønskjer Knutsen at det blir lagt større vekt på avdempande tiltak for å redusere forureining frå støy og støv, og stiller krav til estetikk i form, proporsjonar, materialbruk og terrengtilpassing.

3. Trovåg Mølle – verditap

Eigedomen blei regulert til turistformål i 2010. Utbygginga i høve reguleringsplan er for

Knutsen eit langsiktig prosjekt der første trinn er under bygging. Ei utviding av settefiskanlegget vil forringe området og for kulturminnet Trovåg Mølle vil det ikkje lenger vere foreneleg med planlagt turistformål. Grunneigar får betydelege tap av framtidige inntekter og kostnadene med regulering til turistformål er forgjeve.

4. Openheit i vidare plan- og byggesaksprosessar

Ønskjer at vidare prosess blir meir open, mellom anna gjennom dialog rundt kompensasjon for verditap og tilrettelegging for eit godt nærmiljø. Ber om følgjande tillegg til føresegnene:

- all byggeverksemd på anlegget skal varslast med utvida nabovarsling i vidare saksgang der eigar av 338/3 og 4 skal bli varsla.

5. Arkitektur og estetikk

Planforslaget legg opp til å planere utbyggingsområde på kote +3 og fyller ut i sjø med overskotsmassar. I sin merknad har Knutsen illustrert korleis fjerning av Svehaug (som på høgaste punkt er 19 m.o.h.) og bygging av 4 nye hallar blir sjåande ut frå Trovåg Mølle. Fjerning av naturleg terreng vil sterkt påverke Trovåg Mølle visuelt.

6. Bruk av topografi, landskap og vegetasjon

Topografi bør i størst mogleg grad tas vare på fordi det reduserer nær- og fjernverknaden, særskilt med tanke på Trovåg Mølle. Bevaring av terreng har også positive effektar med tanke på lyd, lys m.m. Terrenget bør plantast til og plan for beplanting bør følgje byggesøknad. Ei mogleg løysing kan vere å flytte anlegget lengre mot vest slik at terrengformasjon i størst mogleg grad kan bestå, eventuelt bygge bygningane meir inn i terrenget.

Forslag om følgjande tilføyning i føresegnene:

- Ta i størst mogleg grad vare på topografi for å behalde staden sin karakter og redusere fjernverknad og negative konsekvensar som følgje av støy og lys.
- arkitekturprosjektering settast i tiltaksklasse 3 som følgje av nærleik til kulturmiljøet som er av regional betyding og fjernverknaden mot fjord.
- byggevolum skal ha saltak med varierte takvinklar
- fasadar som vender mot aust skal ha materialbruk som er prega av naturlege, mjuke og nedtona overflatar. Dette må også gjelde fasadar som er lett synlege mot sør og nord.
- utomhusplan skal innehalde plan for utelagring, planting og lyssetting. Denne skal godkjennast før rammeløyve.

7. Lyssetting

Lyssetting på anlegget må planleggast på ein slik måte at det ikkje er sjenerande for omgivnader, dette gjeld både i anleggsfase og driftsfase.

8. Forureining; støy, støv, lukt og visuell forureining

Hovudstøykjelder er viftestøy/ventilasjon, straumaggregat og påfylling av luft/gass på tankar. Nokre av desse støykjeldene er vedvarande, andre temporære. Totaliteten av støykjelder er sjenerande for nærområdet. Det må sjåast på moglegheita for å bygge fleire av støykjeldene inn eller gjere andre støyreducerande tiltak.

Det må leggast strenge føringar for når steinknusing kan føregå. Det må absolutt ikkje føregå i sommarhalvåret, når Knutsen brukar uteområda mykje, i perioden 01.05.-31.08. Resten av året bør det føregå innanfor normal arbeidstid og ikkje kveld og helg. Det må generelt gis føringar for kjelder til støvforureining.

Naboar opplev aukande luktplager frå anlegget. Problemet må tas tak i for å auke bu- og brukskvaliteten i nærområdet.

Utelagring er svært skjemmaende og forsterkar baksidepreget som området får. Knutsen ber føresegnene styre bruken av uteområda i sterkare grad og at steinmassar blir lagra på ein

stad som er mindre skjemmande.

Føreslår følgande tilføyning til føresegnene:

- støvfaglege målingar og vurderingar skal vere føretatt og avbøtande tiltak for å redusere forureining i form av støy mot naboar og andre berørte partar skal vere vurdert, før rammeløyve blir gitt.

9. Trovågelva

Trovågelva er dels lagt i ny trasé. I tørre periodar går elveleiet tørt. Vassnivå er kontrollert av settefiskanlegget. Omlegginga kan føre til flaum og flaumskadar på kanal og nærliggande areal. Økonomisk ansvar bør ligge på settefiskanlegget og utbetringar skal skje i samarbeid med grunneigarar og kulturmyndigheiter.

Knutsen ber om at vilkår tas inn i føresegnene.

10. Fjerning av anlegg i framtida

Det bør stillast krav om ei garantiordning for fjerning av industrianlegg av denne storleik.

Multiconsult sine kommentarar:

Planforslaget er vurdert som det beste alternativet for ei vidare utbygging i Trovåg. Planprosessen har vore i samsvar med regelverket. Plankonsulent har brukt litt tid på å lage planforslaget etter godkjent planprogram. Møte med grunneigarar og naboar om planforslaget vart utsett pga. samfunnssituasjonen rundt Covid19.

1. Konsekvensutgreiing : Viser her til KU-rapport og kapittel 5.1 i planskildringa om val av alternativ. Massebalanse er del av vurderinga, men ikkje avgjerande.

2. Trovåg Mølle regional verdi: Konsekvensen for Trovåg Mølle vert ikkje endra sjølv om ein endrar verdi frå lokal til regional verdi, då begge verdiane vert definert som «middels verdi» i KU. Alle dei tre alternativa vil ha negativ påverknad på kulturmiljøet Trovåg mølle, men alt. 1 (som planforslaget viser) har minst negativ konsekvens.

3. Trovåg Mølle – verditap: ingen kommentarar

4. Openheit i vidare plan- og byggesaksprosess: Om det er naudsynt med utvida nabovarsling er det kommunen som må ta stilling til ved byggesøknad, etter PBL § 21-3 andre ledd.

5. og 6. Arkitektur, estetikk, topografi, landskap m.m.: Kompleksiteten til eit settefiskanlegg gir tiltaksklasse 2, men storleik på BRA gir automatisk tiltaksklasse 3. Eit funksjonelt bygg for settefisk bør ikkje ha saltak pga. storleiken bygget har, dersom ein skal dempe nær- og fjernverknader. Det er ikkje ønskjeleg å legge føringar for bruk av tre som fasadeelement. Dette krev mykje vedlikehald for å vera fint for omgivnadene.

Å trekke anlegget vestover (ut i sjøen) vil sei at ein må etablere svært stor fylling i sjø. Det vert raskt djupt utfor anlegget, og inngrepet i sjø vil verta for stort og samtidig skape store fjernverknader.

7. Lyssetting: Pkt. 3.1.1 i føresegnene omhandlar krav til innhald i søknad, også uteområde. Lyssetting er no tatt med. Eksisterande lys som er naudsynt for sikker og god aktivitet vert ikkje endra på anlegget.

8. Forureining; støy, støv, lukt og visuell forsøpling: Støykrav er gjeldande for verksemda. Støymåling kan etablerast for å dokumentere at ein er innanfor krava, jf. pkt. 2.6 i føresegnene. Strengare skjermingstiltak i anleggsfasen og tidsrom for støyande anleggsverksemd vil føre til ein lengre anleggsperiode. For å avgrense støvflukt i anleggsfasen vil ein voll etablerast mens arbeid pågår, jf. pkt. 2.6 i føresegnene.

Det kan vera sporadisk lukt frå avfall (slam) frå produksjonen. Avfall som kan skape luktproblem skal samlast opp og behandlast slik utseppsløyve krev, jf. planskildringa 5.16.5.

Uteområdet som Knutsen viser til, er i planforslaget vist som mellombels anleggsområde i revidert plankart etter høyring. Det er avtale med grunneigar om slik bruk, og det er behov for å ha eit areal for rigg og liknande nær anlegget så lenge det er utbyggingsverksemd. Viser elles til føresegnene pkt. 3.1.1 som omhandlar krav til innhald i søknad.

9. Trovågelva: NVE har gitt løyve til uttak av vatn frå Malasetvatnet. Det er ikkje stilt krav til minstevassføring i løyvet. Bremnes Seashore har opna for utsepp av meir vatn i sommarhalvåret. Det er viktig for Bremnes Seashore at dei har tilstrekkeleg vatn til produksjonen og at vatnet har ein viss temperatur.

Planforslaget legg ikkje føringar for omlegging av elv/kanal. Ny tilkomstveg får kulvert der elva går i dag. Det er opna for å kunne fjerne den gamle kulverten i L2, jf. pkt. 3.4.1 i føresegnene.

10. Tema garantiordning vert ikkje tatt med inn i planframlegget. Det er ikkje kjente verkemiddel for ei slik ordning for denne typen anlegg. Bremnes Seashore AS har ein lang tidshorisont på anlegget i Trovåg.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Oppstart av planarbeid og forslag til planprogram blei sendt på høyring samstundes. Innkomne merknader blei behandla i samband med planprogrammet.

Tap av verdiar som følgje av utbygginga, blir ei privatrettsleg sak mellom partane.

Frå kommunen si side kan ein ikkje sjå at planprosessen har vore mindre open enn andre planprosessar. Bremnes Seashore har imøtekomme kravet om medverknad og har gjennomført kontordagar der berørte kunne komme i dialog med utbyggjar.

Når det gjeld estetikk, landskapstilpassing og visuell påverknad viser kommunedirektøren til punktet om «vurdering av omfang og påverknad» under.

Kulturmiljøet knytt til Trovåg Mølle omfattar ikkje berre bygningar, men også deler av elveløp, demning og kanal. Bremnes Seashore har kjøpt mesteparten av arealet som er regulert til grøntstruktur langs elva (GBG2 og 3). I føresegnene er det stilt krav om at desse areala skal sikra at elv/bekk blir halde open. I desse områda skal kantvegetasjonen i størst mogleg grad takast vare på. Ved endring eller justering på elveløp skal det takast omsyn til form, stigningsforhold og passasje slik at elva kan oppretthalde sin funksjon som leveområde og/eller vandringsveg for ål og anna biologisk mangfald.

Elles sluttar kommunedirektøren seg til konsulenten sine merknader.

Viktor Oluf Bøe, eigedom 338/16

1. Vassføring i Trovågselva og elva si betydning for å unngå flaumskadar

Etter at Trovåg settefiskanlegg blei etablert, har vasstanden i Malasetvatnet blitt halde på eit høgt nivå. Vatnet har dermed ein avgrensa funksjon som «buffer» i periodar med store nedbørsmengder. For å sikre at vatn som flaumar over demningen i nord følger eit kontrollert løp nedover, er det viktig at elva kan ta unna store nok vassmengder. NVE har tidlegare sett krav til vassføring i Trovågelva, men det er ikkje sett eit minimumskrav. Vassføringa i elva er nå så lita at elveleiet gror igjen. Dermed mister elveleiet den kapasiteten det bør ha. Bøe føreslår derfor at det blir stilt eit minimumskrav til vassføring i Trovågselva.

2. Trovåg Mølle som kulturminne

Våningshus og smie på Trovåg Mølle er oppført mellom 1880 og 1890. Dermed er dei definert som kulturminne (bygd før 1900). Rogaland fylkeskommune har gitt tilskot til Trovåg Mølle, men arbeidet er sett på vent. Utfallet av reguleringsplanen er avgjerande for kva som skjer vidare. Kulturminne må inngå i eit kulturlandskap for å ha verdi. Dette må bli eit viktig element i utforminga og plasseringa av settefiskanlegget.

3. Levetidsbetraktningar og krav om tilbakeføring av landskap.

Den teknologiske utviklinga og marknadsutviklinga for oppdrettslaks tilseier at anlegg av typen som er planlagt i Trovåg vil ha avgrensa levetid. For å unngå at området ender opp som ein «industrikyrkjegard» må det stillast krav til fjerning av anlegget og tilbakeføring av landskap. Dette er det normalt å krevje for andre landanlegg. Utbyggjar må også stille bankgarantiar for estimerte kostnader knyta til fjerning og tilbakeføring av landskap.

Multiconsult sine kommentarar:

Alle tema er omtalt og svara ut i kommentarane til Kåre Knutsen sine merknader.

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

Trovåg Velforening

Ønskjer at dagens avstand mellom settefiskanlegg og bustadfelt blir oppretthalde for å skjerme for støy, lukt og andre ulemper. Dei ønskjer derfor at alt. 1, dvs. planforslaget blir valt. Alternativ 2 vil potensielt gi størst ulempe frå deira side med omfattande masseuttak i Revabåshaugen. Dette området blir også mykje nytta til turgåing.

Velforeninga viser også til behandling av «Reguleringsplan for Trovåg nord», kommunestyresak 007/12. Ved behandling av denne planen som omhandla utviding av Trovågfeltet i nordleg retning, blei mellom anna avstand til settefiskanlegg førande for kor nære bustadfeltet kunne etablerast. Det vil av den grunn vere rart om same problemstilling blir vurdert annleis når det gjeld utviding av settefiskanlegget.

Det må bli lagt stor vekt å skjerme bebuarar i heile området for støy og miljømessige forstyrringar under utbyggingsperioden og vidare i driftsfasen. Det må også ligge til grunn plan og garantiar for området dersom Bremnes Seashore avviklar drifta.

Multiconsult sine kommentarar:

Utvidinga som er vist sør for dagens anlegg, var i reguleringsplanen for Trovåg Laks, 2004, regulert til område for akvakultur. I siste reguleringsplan for området, Trovåg settefiskanlegg, vedtatt i 2014, blei området endra til grøntstruktur. Utvidinga i dette planforslaget har same utstrekning som i planen frå 2004. Planen for bustadfeltet er vedtatt i 2012. Avstandsvurderingane gjort i planarbeidet baserte seg på gjeldande regulering, dvs. planen for 2004 og same avstand som planforslaget nå legg opp til.

Tema om støy, miljø og garantiar er svart ut i tidlegare kommentarar ovanfor.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Utvidinga av anlegget i sørleg retning strekk seg ikkje utover det som er sett av til næring i gjeldande kommuneplan.

Alf Frønsdal, grunneigar av 338/12

Planforslaget viser ei omfattande inngripen på eigedomen som følgje av utbetring av krysset med fylkesvegen. Frønsdal protesterer på dette. Trafikken vil komme nærare og han lurar på kva som meinast med at arealet må ervervast permanent, er det snakk om kjøp eller ekspropriasjon. Kva med støyskjerm? Då det er mykje uavklart, hadde eit nytt møte vore ønskjeleg. Då det er utmark på motsett side av veggen, burde naudsynt areal til kryssutbetring kunne tas der.

Multiconsult sine kommentarar:

Frønsdal fekk i etterkant av medverknadsmøta tilsendt meir detaljerte teikningar som viser korleis inngrep på 338/12 er regulert i samband med omlegging av avkøyrsløse frå fv 4736.

Det vart avhalde møte med Frønsdal 14.10.20 hos Bremnes Seashore i Trovåg, der me gjekk gjennom bakgrunn for at ein regulerer ny avkøyrsløse, og kva vurderingar som er gjort i den samanhengen. Det vart forklart at ein har prøvd å legge minst mogeleg inngrep på eigedomen 338/12. Sjølvve vegomlegginga vil i hovudsak råke den nordlegaste delen av eigedomen, men det er òg vist eit 3 meter breitt belte langs vegbanen med føremål «annan veggrunn - grøntareal» som går inn på eigedomen. Dette er etter krav frå vegmynde, og arealet vil normalt verte kjøpt av vegeigar.

Me gjekk gjennom vidare prosess for korleis gjennomføring av tiltaket er planlagt, og korleis grunneigar sine interesser skal ivaretakast gjennom avtale med byggherre for vegen. Grunneigar spelte inn ynskje om støyskjerm langs grensa mot vegen. Det er lagt inn føringar om dette i pkt. 3.4.1 i føresegnene.

Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentarar.

Medverknad

Bremnes Seashore arrangerte opne kontordagar/medverknadsmøte 2. og 3. september. Moment som kom fram i desse møta, er oppsummert frå konsulenten si side. Dei fleste moment går igjen frå dei innsendte merknadene, men nokre problemstillingar som kom opp, er nye.

Multiconsult har oppsummert innspela som kom i medverknadsmøta. Dei er gjengitt nedanfor og i hovudsak kommentert fortløpande. Fleire av merknadene omhandlar tiltaket sitt omfang og den negative påverknaden det har på omgjevnadene. Desse problemstillingane har Multiconsult samla i ei felles vurdering som kjem avslutningsvis under punktet «vurdering av omfang og påverknad».

Magnar Miljeteig og Sigurd Arne Syre, eigedomane 338/ 11 og 13

Følgande moment blei drøfta i møtet:

1. Kvifor omfattar KUen tre alternativ, mens planforslaget berre omhandlar eitt alternativ?
2. Dei reagerer på at vegframføringa er lagt slik at det ser ut som hovudvegen går ned til anlegget, mens det er ein avkøyrsløse ned til Trovågen.
3. Syre informerer om at vasskjelda hans ligg i myr 10 meter ovanfor eksisterande veg. Dersom denne blir drenert i samband med vegarbeida må han ha ny vasskjelde.
4. Det ligg ein gamal kum i krysset ved eigedomen. Det er ikkje røyr under vegen. Her er det problem ved mykje nedbør, og vatnet fryser om vinteren. Dette må utbetrast.
5. Det er ikkje ønskeleg med lys nedover vegen til Trovåg. Det er ikkje ønskeleg med utbetring av vegen ned til Trovåg, då dette kan føra til auka trafikk.
6. Ny vegtrasé er positivt, i dag er det sjenerande når trailerane kjem til alle døgnets tider.
7. Spørsmål om tidsperspektivet på bygging av sykkel- og gangsti.
8. Spørsmål om støy frå anlegget, kva støykjeldene er i dag, og kva for tiltak som kan innførast for å dempa støyen.
9. Stiller spørsmål ved lyssetting på hallane, og om det er mogleg å dempa dette.
10. Spørsmål kring planlagt produksjon i dei nye hallane, samt storleik, høgd og utsjånad på hallane.
11. Sjømråda langs strandlinja der dei nye hallane er planlagt har vore brukt til teinefiske og dorging. Lurer på om dette blir vanskeleg etter utbygginga.
12. Spørsmål kring tidsperspektivet på den planlagde utbygginga.
13. Bør endra namn frå Trovågbekken til Trovågelva.

Multiconsult sine kommentarar:

1. Planforslaget omfattar det alternativet som Bremnes Seashore (og kommunen) valde å gå vidare med etter gjennomført KU. Viser elles til punktet om «vurderingar av omfang og

- påverknad» nedanfor.
2. Veg og avkøyrser er utforma slik for å unngå at det kjem uønskt trafikk ned til Trovågen.
 3. Vasskjelda vil bli tatt omsyn til.
 4. I samband med utbetring av vegen, vil vegen ned til Trovåg Mølle bli asfaltert, og det vil bli drenert og grøfta i samband med dette.
 5. og 6. Her er det ulike meiningar, innspela vert tatt til orientering.
 7. Fortau langs Trovågvegen frå krysset ved fylkesvegen vil byggast saman med ny tilkomstveg til anlegget. Dette vil skje innan kort tid.
 8. Gang- og sykkelveg langs fylkesvegen frå Trovågfeltet i sør krev eigen planprosess.
 9. I dag er det i hovudsak støy frå aggregat, som vert testa kvar fredag, samt ved levering av oksygen. Det kan etablerast støyskjerming, og tidspunkt for køyring av aggregat og oksygenfylling kan endrast ved behov. Sjå elles punktet om «vurderingar av omfang og påverknad» nedanfor.
 10. Det er mogleg å montera rørslesensorar på belysninga på hallane. Sjå «vurderingar av omfang og påverknad» nedanfor.
 11. Det skal produserast fisk opp til 1,5 kg. Sjå «vurderingar av omfang og påverknad».
 12. Desse aktivitetane skal ikkje bli påverka av utbygginga.
 13. Først vil vegen bli bygd, så krysset, deretter dei to første hallane (ved positivt vedtak i styret til Bremnes Seashore).
 14. Bruken av Trovågbekken i plandokumenta er ikkje gjort for å «nedgradere» vassvegen på noko vis. Ordbruken er endra i føresegnene, men ikkje i resten av plandokumenta pga. me ikkje meiner det er vesentleg.

Jorunn og Svein Tore Kvamme (eigedom 337/1 og 2) Jon Magne Svendsbøe (336/1)

1. Er positive til anlegget, men likar best alternativ tre i konsekvensutgreiinga.
2. Ber om at gang- og sykkelvegen vert utvida heilt bort til Trovågfeltet, då utbygginga vil medføra auka trafikkbelastning både i anleggs- og driftsfasen.
3. Etterspør planeringskote og høgd på terrenget bak anlegget
4. Ber om at det vert etablert vegetasjonsskjerm på nordsida for å skjerma mot støy og lys. Den planlagde utbygginga gir eit massivt inntrykk, samanlikna med det som ligg der i dag. Det bør leggast ein del energi i at bygningane skal visa minst mogleg igjen.
5. Spørsmål kring kva som er forventna når det gjeld prosedyrar for henting av fisk og levering av fôr etc.? Det er sjenerande støy og lys frå brønnbåtar som ligg i fjorden i dag.
6. Spørsmål kring om utbygginga vil medføra forureining i fjorden, og om det er ein samanheng mellom anlegget på Trovåg og to tilfelle av krilldød i fjorden.
7. Generelle spørsmål kring planlagt produksjon, samt planane for utviding av næringsområdet i sør. Lurer på om det er mogleg at det kan koma kai på nordsida.

Multiconsult sine kommentarar:

1. Ingen kommentar.
2. Forlenging av g-/s-vegen vil ikkje bli ein del av denne planprosessen, men innspelet er notert, og vil bli vurdert ved seinare høve.
3. Besvart i møtet.
4. Sjå punktet «vurderingar av omfang og påverknad» nedanfor.
5. Det er vanskeleg å styra anløpstidspunkt på brønnbåtane, då det til tider er vanskeleg å få tak i brønnbåtar. Kan be dei flytte seg lenger ut i fjorden når dei driv med vasking etc.
6. Utslepp frå anlegget vert styrt av utsleppsløyve frå Fylkesmannen. Det er ikkje utslepp av giftige stoff frå anlegget.
7. Det er ikkje aktuelt å plassera kai på nordsida.

Trovåg velforeining v/ Jens Magnar Tveit og Martin Frøyland

1. Reagerer på alternativ to i konsekvensutgreiinga, då hallane kjem tettare på Trovågfeltet i dette alternativet. Viser til reguleringsplan frå 2009, som vart stoppa på grunn av at næringsområdet vart lagt nærare Trovågfeltet.
2. Peikar på at planframlegget vil medføra store inngrep i nord, og at utforming av fasadar og bygningskroppar vil vera vesentleg for å dempa inntrykket.
3. Etterspør tidsperspektiv/levetida for anlegget, kva skjer dersom selskapet går konkurs.

4. Spørsmål kring lukt, og om det vert meir lukt frå eit større anlegg.
5. Spørsmål kring planlagt oppstart og varighet på anleggsperioden.
6. Etterspør støy og lys som tema i planen, og kva tiltak som er planlagt for utbygginga. Det er til dels sjenerande støy frå anlegget i dag.
7. Spørsmål om det blir auke i båttrafikken. Det er i dag sjenerande støy frå brønnbåtar som ligg i fjorden. Kan det vera aktuelt med landstraum for brønnbåtar som kjem til anlegget?
8. Foreslår at det bør byggast gang- og sykkelveg heilt bort til Trovågfeltet.
9. Spørsmål kring nye arbeidsplassar for nytt anlegg.
10. Spørsmål kring prosessen vidare med planarbeidet, og kva for føringar som ligg i planen, til dømes når det gjeld høgder, korridorar ned mot sjøen, materialkvalitet.
11. Vil gjerne ha informasjon om anleggsperioden og korleis denne er planlagt.

Multiconsult sine kommentarar:

1. Bremnes Seashore ønskjer ikkje å gå vidare med dette alternativet, og det er heller ikkje inkludert i planforslaget.
2. Sjå «vurderingar av omfang og påverknad» nedanfor.
3. Hallane har ei levetid på 25 år. Anlegget er utforma på ein slik måte at hallane kan nyttast til andre føremål dersom det skulle bli aktuelt.
4. Sjå «vurderingar av omfang og påverknad» nedanfor.
5. Først vil vegen bli bygd, så krysset, deretter dei to første hallane (ved positivt vedtak i styret til Bremnes Seashore).
6. Sjå «vurderingar av omfang og påverknad» nedanfor.
7. Det er vanskeleg å styra anløpstidspunkt på brønnbåtane, då det er til tider vanskeleg å få tak i brønnbåtar. Det er mogleg å be dei om å flytta seg lenger ut i fjorden når dei driv med vasking etc. Det er allereie i dag høve til å kopla seg på landstraum.
8. Dette blir ikkje del av planprosessen. Innspelet er notert, kan bli vurdert ved seinare høve.
9. Ved full utbygging vil det kunne bli ei dobling i talet på tilsette på anlegget.
10. Besvart i møtet, sjå også «vurderingar av omfang og påverknad» nedanfor.
11. Bremnes har tidlegare orientert naboar i Trovåg om pågåande og planlagt arbeid i anleggsfasen, og har god erfaring med det. Trovåg velforeining vil inkluderast i dette for vidare prosessar.

Victor O. Bøe (338/16) og Alf Frønsdal (338/12)

1. Alf Frønsdal vil gjerne ha informasjon om kva innverknad planforslaget får på sin eigedom. Ønskjer at det vert sett opp ein levegg eller skjerming.
2. Frønsdal etterspør om det er mogleg å regulera fartsgrense gjennom planforslaget, då det er mange som køyrer fort forbi hans eigedom (80-sone i dag). Dette kan bli konfliktfylt med tanke på nye kantstopp for buss i området.
3. Spørsmål kring tidsperspektivet når det gjeld utbetring av veg og kryss.
4. Trovågelva går i ein steinkanal under huset ved Trovåg mølle. Elveleiet er i ferd med å gro igjen på grunn av lite vassføring, dette vert problematisk når det kjem mykje nedbør, på grunn av at vatnet då lett vil ta andre vegar. Dette må takast høgd for når det gjeld dimensjonering av kulverten under vegen.
5. Hadde gjerne sett at det framleis kunne gå sjøaure i bekken/elva.
6. Etterspør informasjon kring reguleringa/nedtapping av vatnet, og plassering av vassledning, både til anlegget og til bustadhuset til Frønsdal.
7. Positive til ny veg, men ønskjer ikkje gatelys lenger ned i vegen.
8. Spør om det nye industriområdet blir eit lukka område. Det er sjenerande lyssetting på eksisterande anlegg, ber om at dette vert dempa.
9. Korleis skal Trovåg Mølle sameksistere med anlegget på ein god måte? Forslag om vegetasjonsbelte eller liknande i bakkant av anlegget.
10. Spørsmål kring tidsperspektiv på utbygging og anleggsperiode, om levetid på anlegget og kva som skjer i framtida med bygningsmasse og industriområdet.
11. Spørsmål om prosessen kring alternativa som ligg i konsekvensutgreiinga. Er dei to andre alternativa framleis aktuelle, kvifor er planframlegget berre basert på eitt alternativ, og kvifor er ikkje planframlegget basert på det alternativet som kom best ut i konsekvensutgreiinga? Meiner at alternativ 1 er det beste alternativet.

Multiconsult sine kommentarar:

1. Det er oversendt detaljteikningar til Frønsdal som viser korleis planområdet berører hans eigedom (30.09.2020).
2. Det er ikkje mogleg å regulere fartsgrense i ein reguleringsplan. Kommentar?
3. Arbeidet for tilkomstvegen til anlegget frå eksisterande kryss vil starte opp så snart løyve er gitt. Sjølve krysset vil takast seinare, før ein går i gong med nye tiltak på settefiskanlegget (innanfor område BN2).
4. Dette vil bli ivaretatt i samband med utbetring av veggen.
5. Ingen kommentarar.
6. Besvart i møte.
7. Her er det ulike meiningar, innspelet vert tatt til orientering.
8. Tanken er at skal vera mogleg å bevega seg rundt det nye industriområdet, og at folk kan bruke kaiområdet til rekreasjon.
9. Sjå punktet om «Vurdering av omfang og påverknad» nedanfor.
10. Først vil veggen bli bygd, så krysset, deretter dei to første hallane (ved positivt vedtak i styret til Bremnes Seashore). Det må påreknast ein lang anleggsperiode. Hallane har ei levetid på 25 år. Anlegget er utforma på ein slik måte at hallane kan nyttast til andre føremål dersom det skulle bli aktuelt.
11. Besvart i møtet.

Alfred og Elisabeth Trovåg med Haldor Skare (338/1)

1. Spørsmål om det er planlagt å etablera gangfelt ved kantstoppet nærast Skjold. Dette er skuleveg for ungene, og det er 80-sone i området.
2. Ønskjer lys langs heile veggen grunna at dette er skuleveg som er svært mørk vinterstid.
3. Ønskjer ikkje at avkøyrsla/krysset ned til Trovåg vert for krapp (90-grader).
4. Ønskjer innkøyring til utmark langs veggen aust i planområdet.
5. Ønskjer alternativ 2, stiller spørsmål ved prosessen vidare og kvifor alt. 2 ikkje er ein del av planforslaget.
6. Spørsmål kring støy frå anlegget. Dette er tidvis eit problem i dag, og det kan potensielt bli verre når det kjem hallar nærare garden.
7. Foreslår å starta tidleg med å etablera vegetasjonsbelte som skjerming mot hallane, då det tar tid før det veks til. Bør ha ein voll som skjermar i anleggsfasen.
8. Reagerer på at næringsområdet er utvida sørover, og meiner dette ikkje har blitt kommunisert tidlegare.

Multiconsult sine kommentarar:

1. Gangfelt er ikkje planlagt, og dette kan heller ikkje regulerast inn i ein reguleringsplan.
2. Her er det ulike meiningar, innspelet vert tatt til orientering.
3. Ingen kommentarar.
4. Dette må handterast ved gjennomføring av veggen.
5. Besvart i møte, sjå «vurdering av omfang og påverknad» nedanfor.
6. og 7. Sjå «vurdering av omfang og påverknad» nedanfor.
8. Det føreligg ikkje konkrete planar for å bygga sørover, men det kan bli aktuelt å etablera til dømes nytt klekkeri i dette området.

Kåre Knutsen (338/3)

1. Spørsmål kring tidsperspektivet, både på planarbeidet og på sjølve prosjektet.
2. Meiner at settefiskanlegget er belastande på mange nivå, at hans konsept er øydelagd, og at han får direkte tap som følgje av anlegget. Fryktar 10 år med anleggsverksemd, støy, sprenging, deponi og massar etc.
3. Problem med støy, kan ikkje vera utanfor huset fordi støyen vert påtrengande
4. Spørsmål kring lyssetting på det nye anlegget. Ønskjer at det skal dempast.
5. Meiner at alle tre alternativa er dårlege, men alternativ 1 er det beste. Ber om at det vert lagt litt pengar i å fiksa på fasadane for å gjera bygningane meir tiltalande.
6. Diskusjon kring byggesaken/dispensasjonssøknaden knytt til etablering av veggen.

Etterspør dialog.

7. Ønskjer lys langs vegen ned til Trovåg.

8. Det bør byggast terrengformasjonar med vegetasjon, og eventuelt støyveggar.

Multiconsult sine kommentarar:

1. Først vil vegen bli bygd, så krysset, deretter dei to første hallane (ved positivt vedtak i styret til Bremnes Seashore). Det må påreknast ein lang anleggsperiode.

2. Besvart i møte.

3., 4. og 5. Sjå punktet om «vurderingar av omfang og påverknad» nedanfor.

6. Diskutert på møtet. Denne saka vert handsama i eigen prosess.

7. Her er det ulike meiningar, innspelet vert tatt til orientering.

8. Sjå «vurderingar av omfang og påverknad» nedanfor.


Vurdering av omfang og påverknad (Multiconsult si vurdering)

Fleire av dei innkomne merknadene og drøftingspunkta i medverknadsmøta handlar om storleiken av tiltaket. Innbyggjarane i nærmiljøet er særskilt opptatt av utvidinga i nordleg retning, som omfattar utbygging i strandsona og nedbygging av landbruksareal, og negativ visuell påverknad dette har på omgivnadene. Dei ønskjer seg redusert storleik av anlegget for å redusere dei negative verknadene.

Fylkesmannen har innspel om å flytte den nordlegaste hallen bak eksisterande anlegg. Ei slik plassering er vist som alternativ 3 i konsekvensutgreiinga, og kjem i sum dårlegast ut. Dette arealet er i dag nytta som rigg- og anleggsområde, men skal tilbakeførast til landbruksareal. Arealet vil få høgare kvalitet som landbruksareal enn det hadde tidlegare, då det i stor grad var myr. Flytting av den nordlegaste hallen vil derfor medføre nedbygging av meir landbruksareal. Dessutan vil ein hall plassert her, komme nærare busetnaden i Trovåg generelt og kulturmiljøet rundt Trovåg Mølle spesielt. Noko som vil påverke nærmiljøet negativt.

Omfang

Konsulenten meiner det einaste reelle alternativet for reduksjon av inngrepet er å ta ut ein hall og har illustrert dette slik:



Multiconsult skriv følgende:

Kort om illustrasjonen:

- grense for BN2 er fra hall 3 sett 10 m nord og 20 m aust for hallen
- inga endring mot sjø (vest) som framleis er 12 m
- storleik på hall som er nytta i illustrasjon har dimensjon 100 x 83,5 m
- avstand ml hallane er 10 m
- hallane har ulik avstand til formålsgrensa

Illustrasjonen viser at ein ved å ta ut ein hall får mindre inngrep i strandsona og mindre utfylling i sjø. Arealet på land som kan vidareførast som LNF-område er vist med 8,8 daa. Dersom dette skal gjennomførast, må den nordlegaste kaien flyttast lengre sør. Som ein ser av høgdekotene på kartet er arealet på land bratt og ulendt. Strandsona er lite tilgjengeleg for ferdsel. Dette arealet kan i liten grad nyttast til dyrka mark, men har ein viss verdi som beite.

Visuelt sett vil ein slik reduksjon vere positivt både for omgjevnadane mot vest og nord. Grunneigarane på Svendsbøøya er negative til at planforslaget strekk seg så langt mot nord då dei vil kunne sjå det. Dersom ein tar vekk den øvste hallen vil tiltaket verte mindre synleg frå nordaust. Vidare vil inngrepa i strandsona bli mindre sett frå vest. Det vil ikkje bli endring i silhuetten, då den nordlegaste hallen vil ligge lågare enn terrenget i bakkant (aust for planområdet).

Me ser at påverknaden på landbruk, strandsona og omgjevnader vil bli mindre negative ved å redusere inngrepet i nord. Bremnes Seashore AS ønskjer likevel å oppretthalde planforslaget slik det blei sendt på høyring. Dette er i hovudsak grunngjeve med at Bremnes ønskjer å satse på landbasert oppdrett framover, og at anlegget i Trovåg er svært passande til ei slik satsing. Satsing på fiskerieringa er viktig i Norge, og tiltaket er i tråd med dette. Planforslaget viser ei stor utviding av verksemda, og ein meiner at dette gjev eit meir føreseieleg og ærleg bilde enn om ein skulle fremme ein ny plan med ytterlegare utviding om nokre år.

Påverknad på omgivnadene

Anlegget vil bestå av store bygg, med store fotavtrykk og lange, høge fasadar. Fleire merknader handlar om korleis omgivnadene blir påverka av tiltaket. Innkomne forslag om tiltak for å redusere negativ visuell påverknad er i det følgande vurdert tematisk:

Utforming av fasadar

Bruk av tre i fasade er ikkje ønskeleg pga. vedlikehald. Variasjon av takform er gjennomførbart, men det vil totalt sett føre til høgare bygg. Eit saltak vil måtte leggast «oppå» høgda på planlagde takhøgder, dvs. over 17 meter som planforslaget føreslår. Ein vurderer at auka høgder får større negativ konsekvens enn takformvariasjon får positiv konsekvens.

Vegetasjon og voll mot nord og aust

Det er allereie lagt inn krav om vegetasjonsbelte langs austre del av BN1-2. Vidare er det lagt inn eit belte sør for BN1. Det er stilt krav om midlertidig skjermingstiltak i anleggsfasen, ev. voll, langs føremålgrensa mot LL1-2 (føresegn § 2.6), men det er ikkje krav om varig voll. Dersom ein voll skal ha noko særleg visuell skjermingseffekt må den vere høg, sidan fasaden på bygget kan bli 17 meter høg. Oppbygging og utforming av ein voll krev relativt store areal. Dersom vollen blir etablert nærare utgangspunktet for den som ser mot anlegget, kan den vere lågare, og vil krevje mindre areal. Pga. plassbehov er det ikkje vurdert som aktuelt å etablere ein høg voll langs formålgrensa til BN1-2. Det kan etablerast ein voll i samband med vegetasjonsskjermen, og dette er teke som nytt forslag til føresegnene. Den mest effektive visuelle skjerminga frå t.d. Trovåg Mølle, vil vera å etablere ein kombinert voll og vegetasjonsskjerm nær innpå Trovåg Mølle.

Det vil ikkje vere aktuelt å legge inn ein voll eller vegetasjon mot nord, pga. plassbehov. Det kan leggast inn ein skjerm, men sidan området vil vera meir vindutsett, er den mest aktuelle måten å redusere visuell påverknad i nord på, å gjera tiltak på tak og fasade, som omtalt ovanfor.

Uteområde

I føresegnene er det (frå før) stilt krav om at «ubygde areal og utelager skal gis ei tiltalende form og utsjånad». Dette saman med vegetasjonsskjerm og nytt krav om plan for lyssetting, jf. føresegnene pkt. 4.1 er merknader om dette tatt til følgje.

Lukt

Det er komme fleire spørsmål knytt til lukt frå anlegget og auka produksjon. Ein oppfatar ikkje at dette er særst til ulempe, men gir likevel er forklaring av kva lukt kan skuldast for å auke forståinga.

Kommunedirektøren går ikkje inn i detaljane av dette, men vil berre kort oppsummere at lukt i hovudsak kjem frå slam etter reinsing av avløpsvatn og frå oppbevaring av død fisk. Lukt frå fiskefôr skal vere minimal når fôr er pakka og lagra tørt.

Støy

Det meste av støyande verksemd i anlegget skjer innandørs og vil i låga grad påverke omgivnadene. Diskusjonar i medverknadsmøta viser at det truleg er støy frå aggregat som tidvis blir kopla på, støy i samband med fylling av oksygentankar og lyd frå brønnbåtar som blir opplevd som mest negativt. Dette er tilhøve som vanskeleg kan regulerast i reguleringsplanen, men noko av det kan Bremnes Seashore truleg påverke, t.d. tidspunkt for fylling av oksygentankar. Dette må ev. løysast utanom planprosessen.

Lys

Negativ lyspåverknad skuldast i hovudsak lys frå byggeaktiviteten som har pågått dei siste åra. Lys frå sjølve anlegget er ikkje opplevd like negativt. Lys på anlegget er nødvendig for ferdsel og tryggleik. Det er drøfta om ein kan ha lys med rørslesensor i einskilde område og om ein kan nytte lys som ikkje spreier seg over store areal.

Det er lagt inn nytt forslag om krav til plan for lyssetting av uteområda, som skal vere ein del av byggesøknaden, jf. føresegnene 3.1.1.

Det er ulike meiningar om lyssetting langs Trovågvegen. Dei fastbuande vil gjerne ha lys så langt som mogleg, medan hytteeigarane ikkje vil ha langs sine eigedomar. Det skal etablerast lys langs Trovågvegen frå fylkesvegen og ned til Bremnes Seashore. Kor langt Trovågvegen skal lyssettas vidare, må avklarast utanom reguleringsprosessen.

*Opprusting av Trovågvegen
Bremnes Seashore planlegg å ruste opp Trovågvegen ned til der postkassane i bygda står.
Opprustinga vil omfatte drenering, avretting og nytt dekke. Tilhøvet må løysast utanfor
reguleringsplanprosessen.*

Kommunedirektøren sluttar seg til konsulenten sine vurderingar.

Andre vurderingar

Naturmangfald

Planområdet er vurdert i høve til naturmangfaldlova, sjå planskildringa kap. 5.11. Naturmiljø på land, sjø og vatn er også tema for konsekvensutgreiinga. Det er ikkje registrert prioriterte naturtypar eller artar, trua eller nær trua artar, utvalde naturtypar eller nær trua naturtypar i området. Arealet ligg heller ikkje innanfor «Inngrepsfrie Naturområde» (INON). Det er derfor ikkje grunn til å tru at tiltaket vil påverke trua eller verdfulle artar eller naturtypar. Tiltaket vil føre til nedbygging av areal som samla sett vil ha noko negativ konsekvens (også for dei andre alternativa), går det fram av KUen.

Kulturminne

Det er to kulturminnemiljø i lokalmiljøet; kulturmiljøet rundt Trovåg Mølle og fornminna (steinalderlokalitetane) i området sør for settefiskanlegget (og nord for det nye bustadfeltet i Trovåg). Kulturminne og kulturmiljø er eit vurderingstema i Kuen. Planforslaget er vurdert å ha noko negativ konsekvens på kulturminna. Vegetasjonsskjerm mot aust og sør vil redusere den negative påverknaden.

Nærmiljø og friluftsliv

Dette er også eit av utgreiingstema i konsekvensutgreiinga. LNF-områda rundt planområdet er i liten grad nytta til friluftsliv. Det er ingen registrerte turveggar eller kartlagde friluftslivsområde i nærleiken. Trovåg velforeining skriv i sin merknad at dei nyttar området sør for planområdet til turgåing. Dette området blir ikkje berørt. Planforslaget legg til rette for vegetasjonsskjerm mot busetnaden. Tilkomstvegen er lagt om, for at trafikken til og frå anlegget ikkje skal komme så nær busetnaden. Det er lagt til rette for fortau som skil gåande/syklende frå motorferdselen på den delen av vegstrekket som er felles for settefiskanlegget og eksisterande busetnad.

Konsekvensane av planforslaget er vurdert som ubetydelege.

Busetnad og næring

Innsendt planforslag er det alternativet som tar mest omsyn til eksisterande busetnad i Trovågen og til bustadfeltet i sør. Utbetringar av veggar vil gi betre trafikktryggleik. Det er sett av areal til vegetasjonsskjerm i sør og stilt krav i føresegnene om å etablere vegetasjonsskjerm langs LL1 og LL2 mot eksisterande busetnad i Trovåg. Planlagt utbygging er omfattande, og vil prege lokalsamfunnet mykje. Bygningane som er planlagt, er i stor skala sett i høve til eksisterande busetnad.

Verksemda er ein viktig næringsaktør i lokalsamfunnet. Verksemda skapar lokale arbeidsplassar og ringverknader i form av oppdrag til andre næringar i ulike fasar av drifta. Settefiskanlegget er vurdert å ha positive konsekvensar for verdiskaping og sysselsetting.

Ein eksisterande reguleringsplan (2009) opnar for å kunne etablere turistverksemd ved Trovåg Mølle. Planforslaget får ikkje direkte konsekvensar for dette arealet. Det vil framleis vere mogleg å utvikle turisme ved mølla, men opplevingskvalitetar og det visuelle miljøet ved mølla og Trovågen må seiast å bli berørt.

Eit areal som ved fylkesvegen er regulert til turistformål i gjeldande regulering (2004), er vidareført i framlagt planforslag. Dette arealet blir i mindre grad påverka av planforslaget. Ei

utbygging i tråd med planforslaget vil berre vere delvis synleg frå turistområdet. Utvikling av dette området kan bygge på natur- og opplevingskvalitetar rundt Malasetvatnet og Trovågen. Planforslaget er vurdert å ha ubetydeleg konsekvens for potensiell verdiskaping og sysselsetting knytt til Trovåg Mølle og turistformålet ved fylkesvegen.

Planforslaget fører til omdisponering av 13,5 daa dyrka jord. Nasjonal og regional politikk legg stor vekt på jordvern. Kommunedirektøren er også kjent med at grunneigar ønskjer å drive landbrukseigedomen vidare. Det er såleis stilt krav til at matjorda skal tas vare på og brukast til jordforbetring/dyrkingstiltak i jordbruksområde lokalt. Grunneigar har i sine merknader peikt på areal som kan få tilført matjord frå planområdet. Dette må avklarast i søknad om nydyrking. Planforslaget har elles søkt å ta omsyn til eksisterande drift, tilkomst til areal for landbruksmaskinar og dyr m.m.

Barn sine interesser

Barn sine interesser er i hovudsak knytt til Trovågen og nærmiljøet rundt eksisterande busetnad. Planforslaget berører ikkje desse areala. Utbetring av vegar og etablering av fortau og kantstopp for buss gir betre trafikktryggleik for barn og unge. Det er ikkje opparbeid stiar eller registrerte barnetråkk som tilseier at planområdet er målpunkt for friluftslivsaktivitetar.

Universell utforming/folkehelse

Tiltak skal utformast universelt i samsvar med krav sett i plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift. Det er unntak i føresegnene for mindre tekniske bygg med sporadisk opphald av tilsette. Planforslaget påverkar ikkje folkehelsa nemneverdig.

Infrastruktur

Omlegging av vegen til anlegget er planlagt for å skjerme busetnaden i større grad mot trafikkstøy. Tilkomstvegen blir utbetra og tilrettelagt med fortau fram til avkøyringa frå Trovågvegen. Likeeins vil krysset til fylkesvegen bli utbetra, det blir etablert kantstopp for buss på begge sider av vegen og fortau fram til busstoppa. Det aukar også trafikktryggleiken i området.

Røyrleidningsnett mellom vassinntaket i Malasetvatnet og settefiskanlegget er sett av med omsynssone i plankartet. Anlegget har godkjent avløp med utslepp til Ålfjorden.

Føresegnene stiller krav om teknisk plan. Detaljar kring teknisk infrastruktur, handtering av overvatn, m.m. vil avklarast i samband med behandling av denne, jf. føresegnene pkt. 3.1.1 og rekkefølgekrav pkt.6.

Innspelet om ein felles renovasjonsplass for bebuarane og framtidig turistsatsing er imøtekomme. Areal som var sett av til annan veggrunn- grøntareal er nå sett av til renovasjon. Plankartet er endra.

Kostnader/finansiering

Planforslaget legg ikkje opp til ei utbygging i kommunal regi. Planen vil såleis ikkje medføre behov for kommunale investeringar eller midlar til drift.

Oppsummering

Hovudgrep i planforslaget kan oppsummerast slik:

- Næringsareala blir utvida i nordleg retning med plass for fire nye hallar og ei mindre utviding av næringsareala i sørleg retning.
- Det blir fylt ut i sjø mot vest og nord for å etablere tilstrekkeleg næringsareal og kaiar.
- Ny avkøyrsløse frå Vikevegen og busstopp på begge side av fylkesvegen blir etablert.
- Tilkomstvegen til settefiskanlegget blir lagt om for å skape større avstand til eksisterande busetnad.
- Det blir etablert fortau langs Trovågvegen fram til busstopp.

- Som buffer mot eksisterande busetnad blir det etablert grøntstruktur i sør og aust.
- Planområdet strekk seg også lengre ut i Malasetvatnet, dette er for å legge vassinntaket på større djupne for å etablere jamnare temperatur på vatnet som blir levert til settefiskanlegget.

Planområdet er stort og legg opp til ei stor utbygging av settefiskanlegget. Busetnaden i Trovågen er beskjeden, derfor vil utbygginga endre staden sin karakter i noko grad. Det vil bli eit svært stort arealbeslag og landskapsinngrep. Bakgrunnen for ei så stor utviding, er ønskje om å produsere større fisk på land, og dermed redusere tida fisken er i sjøen. Det vil gi positiv gevinst for miljø og fiskehelse. Andre positive verknadene av tiltaket er auka verdiskaping og sysselsetting. Det er også positivt at krysset med fylkesvegen blir utbetra og at vegen fram til settefiskanlegget blir lagt om. Det ligg allereie eit settefiskanlegg på staden. Ei utviding av settefiskanlegget for å utnytte eksisterande infrastruktur, er samfunnsøkonomisk.

Dei negative verknadene av planforslaget vil vere inngrep i landskapet generelt og strandsona spesielt. Det blir gjort arealbeslag av dyrka mark. Eksisterande bustadar i Trovågen vil merke nærleiken til næringsområdet, men planforslaget er vurdert å ha ubetydeleg konsekvens for nærmiljø og friluftsliv, barn og unge sine interesser og folkehelse. Planforslaget har innarbeidd ei rekke avbøtande tiltak. Det er sett av areal til vegetasjonsskjerm i plankartet og føresegnene stiller krav om materialbruk for å skjerme busetnaden i størst mogleg grad. Plassering av nye bygningar i nærleik til sjø som planforslaget legg opp til, vil legge til rette for meir sjøtransport og mindre tungtransport på veg. Dette er også positivt for dei som bur i Trovåg. Det er sikra omsynssone langs Trovågbekken for å ivareta naturmiljøet og det er stilt krav om at jord frå jordbruksareal skal sikrast vidare bruk, primært til jordbruksformål.

Det er gjort endringar i plankart og føresegner i tråd med vurderingane som kjem fram av saksutgreiinga. Endringar i føresegnene er skrive med raud skrift.

Kommunedirektøren si vurdering er at planforslaget kan vedtas slik det ligg føre.

Vedlegg:

Plankart 09.11.2020

Reguleringsføresegner 09.11.2020

Planskildring 01.04.2020

Revidert ROS-analyse 15.10.2020

Multiconsult - kommentar til innkomne merknader og forslag til endringar